

Fra: Hopegrendi Bygdelag <hopegrendi.bygdelag@gmail.com>
Sendt: 11. juni 2014 07:28
Til: Postmottak Lindås
Emne: Høyringsuttale fiberbreiband Lindås

Høyringsuttale fiberbreiband Lindås

Les på dykkar heimeside av det skal etablerast fiberbreiband i deilar av kommunen. Dette utsegnet kjem på vegne av husstandar tilhøyrande nedre Hope ([Hopsvågen](#)).

Me har ikkje breiband hjå oss og ber derfor at me blir tatt med i vurderinga i denne utbyggingsrunden. Enkelte husstandar på Hope får i dag internett via koparkabel frå Kaland, men denne har sprengt kapasitet og me har ikkje høve til å knyte oss til. Det betyr at per dags dato har me inga internetttilknyting. Fleire av husstandane har prøva ulike leverandørar som leverer nettforbindelse via trådløse senderar frå ulike noder, men på grunn av plassering og topografi, har desse ikkje hatt dekning.

Nedre Hope består av om lag [30](#) husstandar. Området består av fleire nye husstandar med yngre busetting og småbarnsfamiliar. Me ser på det som ein nødvendighet i dag med god internettforbindelse heime, både grunna arbeid, skule og fritidssyslar. Me har bebuarar som er sjølvstendig næringsdrivande og andre arbeidstakrar som ynskjer å arbeide heimafrå, men grunna därleg internettforbindelse er dette vanskeleg.

Me håpar med dette at me blir hensyntatt og kjem med på denne rundens fiberutbygging.

Med venleg helsing

Jørgen Herland
Hope Bygdelag